

# Utviklingsplan for Sotra vidaregåande skule

01.09.15

## Visjon

*“ Vår visjon er elevar og tilsette ved Sotra vidaregåande skule saman skal utvikle eit inkluderande miljø prega av respekt og medansvar slik at elevar får kunnskap og dugleik til ta ansvar i yrke og samfunn og meistre utfordringane i livet.”*



### **Pedagogisk plattform**

Sotra vidaregåande skule skal vere ein samfunnsaktiv skule i Sotra-regionen som gir ungdom ein framtidretta utdanning med praktisk og teoretisk grunnlag for vidare studium, yrkeskarriere og aktivt samfunnsliv. Vi vil utvikle medvitne og motiverte elevar som tar ansvar for eiga læring. Skulen skal ha gode arbeidstilhøve og eit godt arbeidsmiljø for elevar og tilsette.

### **Verdiplattform**

Vår visjon er at

”elevar og tilsette ved Sotra vidaregåande skule saman skal utvikle eit inkluderande miljø prega av respekt og medansvar slik at elevar får kunnskap og dugleik til ta ansvar i yrke og samfunn og meistre utfordringane i livet.”

Med desse grunnverdiane våre meiner vi:

**Respekt:** Vi har ein skule der vi har respekt for kvarandre og der vi aksepterer at vi er ulike

**Inkludering:** Vårt skulemiljø er prega av openheit der vi syner omsorg for kvarandre

**Medansvar:** Vi har alle rett og plikt til å medverka til eit godt læringsmiljø der vi lojalt følgjer opp dei avgjerdene vi saman har kome fram til.

Desse grunnverdiane syner seg og gjennom:

**Likeverd:** I skulesamfunnet vårt er alle like viktige aktørar for å laga eit godt opplæringsmiljø

**Dialog:** At vi har ein kommunikasjon som er tovegs kommunikasjon der vi har eit godt samspel mellom elevar, tilsette, heim og nærmiljø

**Informasjon:** At all informasjon er open og tilgjengeleg for alle

**Medverknad:** At vi har eit aktivt demokrati der alle har høve til å påverke avgjerder som har konsekvensar for dei sjølve

**Attraktiv:** At vi er ein skule som er ein interessant opplæringsstad for ungdommar, ein god arbeidsplass for oss som har sitt virke her og ein viktig samarbeidspartnar for lokalt arbeids- og organisasjonsliv



### **Forankring**

Verdiplattform og utviklingsplanen er utvikla i prosess med elevane og personalet, og drøfta med organisasjonane. Målsettinga har vore å få til betre tilpassa opplæring og med utgangspunkt i kva motivasjon, fagleg og sosial kunnskap eleven har. Eleven sitt eige læringsarbeid er det sentrale, auka fullføring og læringsutbyte er hovudmålet.

Tiltaksplanen er utvikla på grunnlag av utviklingsplanen, erfaringar frå siste skuleår, tilbakemeldingar og dei definerte satsingsområda som inngår i den pedagogiske plakaten for skulen

Samarbeid mellom lærarane og utvikling av sit godt system for erfaringsdeling er berebjelken i mykje av det praktiske utviklingsarbeidet i skulekvardagen. Dette arbeidet held fram dette skuleåret, innanfor følgjande rammer:

- Kvar lærar tar utgangspunkt i Styringsdokumentet s. 8 og vel seg nokre fokusområde og tiltak han/ho ønskjer å prøve ut i høve til eigen praksis.
- Utviklingsarbeidet er integrert i det daglege arbeidet gjennom at ein har fokus på undervisnings- og vurderingskultur og -praksis. Fellestid tysdagar og onsdagar blir brukt til utviklingsarbeid.
- Det blir organisert skulevandring i høve til konkrete tema som den einskilde lærar eller faggruppe/avdeling blir samde om.
- Tema mobbing, motivasjon og vurdering blir tema på planleggingsdagar og pedagogiske møtearenaer med eksterne og interne innleiarar.
- Gruppene utarbeider eit halvårleg notat der dei reflekterer over tiltak og verknader. Det kan også bli aktuelt med erfaringsdeling i plenum, t.d. på ein planleggingsdag.
- Elevundersøkingar og annan informasjon blir brukt til å vurdere kvaliteten på arbeidet vårt.